



NVE har gjort ein grundig analyse. Englafjell nærast.

NVE har kartlagt skredfare i Kvinnherad og i Uskedalen har dei konkludert med at 2 hus og 7 hytter er i faresona. Det gjeld snøskred, sørpeskred, steinsprang, jordskred og flaumskred og vurderinga skal leggjast fram i rådhuset onsdag. Det er dei nedre delane av fjellsidene som er vurdert med særleg vekt på at det er der det bur nokon og det er mellom anna lagt betydeleg vekt på historiske hendingar, ned gjennom tida.

Det er såleis vist til eit skred på Fet øvre i 1707 der bushtarane søkte om skatteavtak etter eit skred som sopa bort mykje av garden og i tillegg kom flaum. Dette var truleg eit sørpeskred. Og det vart skade på jord og hus.

På Døssland øvre var det eit jordskred i 1722 med skatteavtak etterpå og på Kjærland mista dei 4 menneskeliv i 1845 i eit snøskred, som tok kona Kari (48 år) og 3 born. Mannen var på sjøen då katatasrofen kom. Den starta truleg på plassen Skredskolten som no er bruksnummer 1. Sjølve plassen som vart råka er no nummer 3. Det er uklårt om det var snø- eller fjellskred. Plassen vart ikkje bygt opp att.

Myklebust vart i 1741 råka av stein og jordskred og vart ramma både før og etter. Skylda vart sett ned av denne grunn.

No er Torger Feet på Tresshaugen ein av dei som har fått brev frå NVE om skredfare. Han er ein av dei som bur rett under Englafjell.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen